

Høyringsfråsegn Jordalen kraftverk - Voss Kajakklubb

Om klubben

Voss Kajakklubb er hovudinteresseorganisasjon for kajakpadlarar i Vossaområdet. Kajakklubben er lokallaget til Noregs Padleforbund i Voss og omeign. Kajakklubben driv med turpadling og konkurranseaktivitet og representerer såleis både friluftsinnteresser og den organiserte idretten. Vidare er Voss Kajakklubb også del av stiftinga Ekstreme Voss som står for Ekstremsportveko. Mangfaldet av elver i Voss kommune gjer at bygda har mange aktive turpadlarar, konkurransepadlarar i verdseliten og sær mange tilreisande padlarar. Me voner at denne unike kvaliteten ved Voss vil verte teke opp til vurdering.

Bruk av Jordalselva

Voss kajakklubb og Ekstremsportveko, som me er medeigar i, har sterke interesser knytt til Jordalselva. Elva vert padla heilt frå dei øverste stølane i dalen og forbi det planlagde inntaket. Elva er padla på middels til høg vassføring, altså i snøsmeltinga og under regnperiodar. Første del av strekninga etter det planlagde inntaket er av allmenne padlarars interesse. Den vidare strekninga som vert råka av utbygginga er av brattare karakter, og eit ynda mål for padlarar som produserer film og bilete, det har difor eit unikt marknadsføringspotensiale. **Sjå vedlegg 1 for eksempel.**

Voss Kajakklubb og vannkraftverk

Me som interesseorganisasjon er ikkje prinsipielt i mot denne måten å skape fornybar energi og økonomisk vinning. Når det gjeld denne einskilde utbygginga kan me ikkje sjå at vinninga veger tyngre enn konsekvensane inngrepet medfører, og det menneskelege behovet for ferdsle i naturen. Det er allereie er planlagt et større kraftverk (Holmen kraft) rett nedanfor dette, med ein større vinst. Holmen kraft er planlagt i ein del av elva som er utilgjengeleg for ålmenn ferdsle, og dei har lova lokalsamfunnet i Jordalen sikker veg. Me har også vore positive til eit minikraftverk rett ovanfor dette. Det er lagt i terrenget på ein slik måte at det ikkje råka Jordalselva på ein skjemmande måte. Desse to tilrådde planane er gode døme på at vannkraft og ålmenn ferdsel kan gå hand i hand.

Avbøtande tiltak ved utbygging av Jordalen kraftverk

Som med andre vasskraftutbyggingar vil minstevassføringa vere lik tørrlagt elv i vårt perspektiv. På grunn av den skildra bruken av elva vil me ved ein eventuell konsesjon tilrå NVE å legge ned vilkår om avtala slepping av vatn. Som eksempel kan turbinane stengast av etter avtale med kontaktperson i kajakklubben. Dette vil sikre at denne unike perla av ei elv kan verte nytta med dei gevinstane det gjev turistbygda Voss, Ekstremsportveko og padledestinasjonen Noreg.

Vedlegg 1 - Nokre eksempel på korleis denne delen av Jordalselva har vore med på å profilera Voss som ekstremsports destinasjon

Fleire norske og utanlandske artiklar er å finna på nettet, eksempel:

- <http://liquidbeta.blogspot.no/2009/06/jordalselva-norway.html>
- <http://www.friflyt.no/Padling/Jordalselva-revisited>

Bilete frå den råka delen av padlestrekket:



Foto: Nils Erik Bjørholt, anerkjend friluftsfotograf.



Foto: Michele Ramazza (Italia), tidlegare verdsmeister i brattpadling.

Beste helsing

Sven Oskar Moseid

Leiar Voss Kajakklubb